

NVE Konesjonsavdelinga
Postboks 5091
Majorstua

0301 OSLO

Grinde den 31 oktober 2018

Dykkar ref: 200708173

Breiddalselva kraftverk. Søknad om løyve til auka maksimal driftsvassføring og til overføring av bekk.

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve v Moane Kraft AS til å auke slukeevne v Breiddalselva kraftverk med 10% til 330 l/s og overføring av bekk ca. 120m vest for inntaket til Breiddalselva kraftverk i Gloppen Kommune. Bekken har berekna middelvassføring frå tilleggsfeltet på 16,38 l/s og er vannførande heile året. Søknaden er datert 16/9 2018 Prosjekt Systemer AS.

Om Sogn og Fjordane Turlag: Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.sftur.no/) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 8.264. Breiddalselva kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde.

Om friluftsliv i området: Breiddalselva er ei av tre elver som ligg i det verna Rygg vassdraget. Dei to andre er Langedalselva og Traudalselva. Breiddalselva er den minste av desse 3. For eit par år sidan vart det gitt konsesjon til ytterlegare 2 kraftverk i dette vassdraget.

Midtre Nordfjord Turlag er eit svært aktivt og godt drive turlag. Stimerkinga i området tyder på dette. Turlaget har i år fått ekstra mykje merksemd for «Trivselsskogen» eit tiltak som vil lokke turgåarar ut i nærområdet til Sandane sentrum.

Gimmestadstøylane ligg i nærområdet til Breiddalselva kraftverk.

Konklusjon:

Sogn og Fjordane Turlag var med på synfaring den 27. september 2018 og fekk sjå de tre kraftverka som er i området. Synfaringa gav eit inntrykk av at det er ein del inngrep i naturen, men at såra vil vekse over etter kvart.

Det er naturleg etter vårt syn at NVE kan auka slukeevne i Breiddalselva for å tilpasse dette til ein auka avrenning over tid. Nedbørsnormalen aukar vesentleg i den komande normalperioden 1990-2020. Ein auka slukeevne med avgrensing til 999 kW, vil ikkje vere til noko skade for turlagsinteressa.

Overføring av bekken ca 120 m vest for Breidalselva kraftverk er etter vårt syn eit ikkje ynskt inngrep. Ein reknar med ein middelvassføring på 16,38 l/s. NVE har ofte kravd ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring i heilårs vassførande bekk. Ein må soleis gå utifrå at denne bekken også må vere tilgodesett med ei minstevassføring av ein bestemt storleik, dersom NVE ville gå inn for overføring.

I dette område er det bygt ut tre elvar, Langedalselva, Traudalselva og Breidalselva som høyrer til det verna Ryggelva vassdraget. Sogn og Fjordane Turlag har ingen innvendingar mot ein auka slukeevne, som er av stor betydning for økonomien i Breidalselva kraftverk, men å overføre ein bekk med så lite som 16,38 l/s minus det som evt vert kravd som minstevassføring, nei det synes turlaget har alt for lite å seie.

Summen av inngrep her må tale for at NVE ikkje vil tillate overføring av bekken. Bekken passerer vegen nær opp til Gimmestadstøylen og er eit element ein kan ta vare på i eit område med godt tilrettelagt løypenett, tett inntil landskapsvernområde og del av eit verna vassdrag.

For Sogn og Fjordane Turlag, naturvernutvalet,

Ron Overdevest